

Saksbehandlar: Elisabeth Veivåg Helseth  
Avdeling: Plan- og samfunnsavdelinga  
Sak nr.: 14/456-1

---

## Oppdatert strategi for hurtiglادestasjonar i Sogn og Fjordane 2014

### Fylkesdirektøren for plan og samfunn rår Hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen held fram med å ta ei koordinerande rolle i å få på plass hurtiglادestasjonar i fylket., og bidreg til oppretting av hurtiglادestasjonar ved sentrale knutepunkt eller strekningar.
2. I 2014 vert det sett av 400 000 kr i tilskot for å bidra til utbygging av hurtiglادepunkt. Av desse dette vert det sett av 100 000 kr til hurtiglادestasjon på Jølstraholmen, og 300 000 kr vert lyst ut som tilskot for utbygging av ladestasjonar i Sogndal, Stryn og Lærdal.
3. Fylkeskommunen støttar ombygging av Tesla sin hurtiglادestasjon i Aurland med inntil 50 000 kr.
4. Tilskot løyvd i 2013 på 100 000 kr til Grøn Kontakt for utbygging av hurtiglادestasjon på Skei vert oppretthaldt i 2014. Grøn Kontakt søker Transnova på nytt om støtte til hurtiglادestasjon på Skei i Transnova si utlysing denne våren.
5. Kostnadane, total 450 000 kr vert dekkja av overførte midlar frå 2013 på tenestoområde 7163 Klima og miljø.
6. I budsjettprosessen for 2015 vert vidare finansiering av hurtiglادestasjonar vurdert.

#### Vedlegg:

Klage, Jølstraholmen  
E-post, Jølstraholmen

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Strategi for hurtiglادestasjonar i Sogn og Fjordane, møte 06.02.2013, sak 15/13

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn

I Fylkesdelplan for klima og miljø er det vedteke at fylkeskommunen skal arbeida med å *reducere klimagassutslepp og førebyggje utslepp gjennom endring i produksjon, forbruk og samfunnsinstitusjonar som bidreg til utslepp*. Som ein av strategiane til å gjennomføre dette er det vedteke å effektivisere personbilar og redusere forbruk av drivstoff ved privat bilkøyring. Eit av fleire tiltak i planen er at fylkeskommunen skal *«Bidra med midlar og kompetanse for å sørge for utbygging av fleire hurtiglادepunkt for elbil i fylket»*. Hovudutvalet for Plan og næring vedtok i møte 06.02.2013, sak 15/13, ein strategi for hurtiglادestasjonar i fylket. Denne vert no oppdatert, for å ta opp i seg endringar som har skjedd i løpet av 2013.

I Noreg er det no rundt 19 500 elbilar. I byrjinga av 2013 var det rundt 30 elbilar i fylket. I dag er dette talet meir enn dobla til 88. Det er framleis ikkje eit høgt tal, men som i resten av landet ser vi ein sterk vekst i tal elbilar. I Sogn og Fjordane er det no Førde og Sogndal som har flest elbileigarar. Infrastruktur for elbilar er ladepunkt der desse kan fylle tanken – dvs. lade batteriet. I dag er det fleire normalladepunkt for elbilar i Sogn og Fjordane. Desse gjer at elbilar kan lade til 100 % på om lag 8 timar. Då kan ein elbil køyre om lag 10 mil. Men det er ikkje alle som kan bruke så lang tid på ei lading. Køyrer ein lengre strekningar der ein må lade fleire gonger er det ikkje tenleg å måtte vente 8

timar kvar 10 mil. For å kunne lade elbilen fortare trengs difor hurtigladestasjonar. Desse har spesielle straumuttak som gjer det mogleg for ein elbil å lade frå 0-80 % på 20 min.

Fleire aktørar i fylket, m.a. nettselskap og kommunar, er positive til å bidra til utbygging av hurtigladestasjonar, men peikar på at det trengs økonomisk støtte og regional samhandling rundt utbygging av desse punkta. Gjennom Transnova (statleg tilskotsordning) kan utbyggjar søke om dekking av 40 % av totalkostnadane ved utbygging av ein hurtigladestasjon. Sogn og Fjordane fekk i 2013 ei veldig god uttelling hos Transnova, då fem hurtigladestasjonar i fylket fekk løyvd midlar av Transnova. Tre av hurtigladestasjonane fylkeskommunen hadde løyvd støtte til er no fullfinansiert gjennom Transnova; Nordfjardeid, Førde og Florø. I tillegg fekk SFE fullfinansiert ein hurtigladestasjon på Sandane. Jølstraholmen fekk avslag på sin søknad hjå fylkeskommunen, men fekk løyvd mildar frå Transnova. Hurtigladestasjon på Skei fekk tilskot frå fylkeskommunen, men fekk avslag frå Transnova.

## 2. Vurdering

Det er viktig å sikre infrastruktur for el-bilar internt i fylket, samstundes som ein legg til rette for reise mellom fylka. Normalladepunkt (om lag 8 timar) har dei fleste kommunane i fylket i dag, men hurtigladestasjonar som eit supplement til dette vil gjere det «tryggare» å køyre el-bil i fylket. Vi er eit steg nærmare ein god el-bil infrastruktur i fylket med hurtigladestasjonar i Førde, Nordfjardeid, Florø og Sandane. Hurtigladestasjon på Jølstraholmen vil også la seg realisere i løp av 2014, dersom denne får fylkeskommunal løyving.

Jølstraholmen fekk avslag på sin søknad til fylkeskommunen basert i at det var Førde, og ikkje Jølster, som var prioritert i strategien vedteke i 2013. Jølstraholmen klaga på dette avslaget, og klagen kom opp i Fylkesutvalet som klagenemnd, 27.11.2013, sak. 7/13. Klagen vart der avvist, då dette var eit korrekt administrativt avslag, basert i strategi vedteken i 2013. Det er likevel grunnlag for ei ny politisk vurdering, særleg i lys av at Jølstraholmen no har fått tilskot frå Transnova og berre manglar tilskot frå fylkeskommunen for å ha ein fullfinansiert hurtigladestasjon. Jølstraholmen er ein godt eigna lokasjon for ladepunkt, både med tanke på passasjerar som reiser forbi, og for lokale pendlarar. Jølstraholmen har servicetilbod, samstundes som ein ladestasjon her vil sikre lading langs E39 også i framtida, dersom E39 vert lagt utanfor Førde sentrum.

Grøn Kontakt administrerer arbeidet med dei hurtigladestasjonane som har fått tilskot frå fylkeskommunen, og dei var også ansvarlege for søknaden rundt hurtigladestasjon på Skei. Transnova skal ha ei ny utlysing av tilskot til våren, og Grøn Kontakt vil då søkje på nytt om tilskot til utbygging av hurtigladestasjon på Skei.

I tillegg til dei hurtigladestasjonane som alt er i ein fase med å starte opp, vil det vera strategisk å prioritere desse punkta i 2014:

- **Stryn:** pendlaraksen Nordfjord- Stryn, men og for å sikre infrastrukturen ut av fylket mot aust
- **Sogndal:** Trafikknutepunkt vest, aust og nord.
- **Lærdal:** trafikknutepunkt frå sør, nord og aust. Bidreg til å sikre E16 mellom Bergen og Oslo.
- Vurdere kor mykje det vil koste å sette opp «vanleg» hurtigladestasjon på Tesla sin ladestasjon i **Aurland** (det er berre Tesla sine bilar som kan lade på Tesla- stasjonar, men infrastrukturen kan gjere det lettare for andre å sette opp ladestasjonar)

For å få bygt hurtigladepunkt både langs E 39 og elles i fylket vert eit samarbeid mellom offentleg og private aktørar nødvendig. Nettselskapa, fylkeskommunen, kommunar, hotell, bilseljarar med fleire, er moglege samarbeidspartnarar for bygging av hurtigladestasjonar. Det er viktig at hurtigladepunkta ligg på høveleg stadar jamfør tilgang på straum, tilkomst og liknande. Dette er det dei lokale

næringsaktørane og nettselskapa som har best kjennskap til. Difor er det lurt å få desse med i heile prosessen. For å få dette til er det viktig at arbeidet vert koordinert på ein høveleg måte.

### **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren for plan og samfunn rår til at fylkeskommunen held fram med satsing på utbygging av hurtiglادestasjonar ved viktige knutepunkt eller på viktige vegstrekningar i fylket.

Sett i lys av tilskotet frå Transnova, og administrativ vurdering om at Jølstraholmen er ein godt egna stad for hurtiglادestasjon, vil fylkesdirektøren rå til at fylkeskommunen bidreg med resterande beløp for å fullfinansiera ladestasjonen på Jølstraholmen. Vidare rår fylkesdirektøren til at hurtiglادestasjonar i Stryn, Sogndal og Lærdal vert prioritert i 2014.

Fylkesdirektøren rår også til at løyving til Skei på kr. 100 000 i 2013, vert oppretthaldt i 2014, og fylkeskommunen støtter Grønn Kontakt i ny søknad til Transnova.

Fylkesdirektøren rår til at det samla vert sett av kr. 400 000 som tilskot til bygge ut hurtiglادestasjon i fylket i 2014. Av desse midlane vert kr. 100 000 nytta til ladestasjon på Jølstraholmen. Det vert vidare satt av kr. 300 000 til tilskot for utbygging av hurtiglادestasjon i Lærdal, Sogndal og Stryn. Kostnadane vert finansiert av unytta budsjetterte midlar frå 2013.

For å bygge om til hurtiglادestasjon, der Tesla allereie har bygd sin stasjon i Aurland, rår fylkesdirektøren til at det vert gjeve eit tilskot på kr. 50 000 under føresetnad av at ombygginga vert fullfinansiert av andre.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn peikar på at fylkeskommunen ikkje skal stå for sjølve utbygginga av stasjonane, men ta ei koordinerande rolle i høve dei ulike aktørane og bidra til å initiere dei ulike utbyggingsprosjekta.